



KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av søknad om utgreiing av grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune

Vi viser til søknad frå Jørgen Sjøstad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune (vedlegg 1). Sjøstad søker om ei grensejustering av grunnkrinsane Åheim, Thue, Gusdal og størsteparten av Vik frå Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke til nye Stad kommune i Vestland fylke. Per 1.1.2018 var det 3184 innbyggjarar i Vanylven kommune. Søknad om grensejustering gjeld om lag 792 innbyggjarar og utgjer om lag 25 % av totalt innbyggartal i kommunen.

Fylkesmannen i Vestland har i brev av 19.02.2019 (vedlegg 2) gitt uttrykk for at søknaden bør behandlast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (heretter omtala som Fylkesmannen) jf. rundskriv H-10/15 punkt 3.2.5.

Fylkesmannen har i brev av 18.03.2019 (vedlegg 3) bedt kommunane Vanylven, Eid og Selje og fellesnemnda i nye Stad kommune om ei uttale i saka før saka sendast over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Fellesnemnda for nye Stad kommune har i brev av 30.04.2019 gitt sin uttale til søknaden (vedlegg 4). Fellesnemnda viser i sin høyringsuttale til at Åheim ligg geografisk sentralt i forhold til nye Stad kommune. Det er likevel peika på at ei grensejustering er ei særskilt viktig sak for lokalbefolkninga, og at det derfor er viktig at eit eventuelt vedtak om grensejustering er forankra i eit ønske frå innbyggjarane på Åheim, og ein god dialog med Vanylven kommune. Fellesnemnda er derfor positiv til at Fylkesmannen på eigna måte medverkar til å kartlegge innbyggjarane sine ønsker og konsekvensar ved ei eventuell grensejustering.

Vanylven kommune har i brev av 09.05.2019 gitt sin uttale til søknaden (vedlegg 5). Vanylven kommune viser i sin høyringsuttale til at dei ikkje ser det som føremålstenleg med ei grensejustering og ber samstundes Fylkesmannen om å gjennomføre ei innbyggjarhøyring om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune.

I dette tilfellet er det søkt om at ein del av Vanylven kommune blir grensejustert over til nye Stad kommune. Resten av Vanylven kommune blir uendra. Det er såleis tale om ei grensejustering.



Inndelingslova definerer det som grensejustering når eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. Om ei grenseendring definerast som ei deling eller ei grensejustering har betydning for kven som har initiativrett, kva saksbehandlingsreglar som gjeld, kven som kan fatte avgjerd i saka og for spørsmålet om økonomisk tilskott.

Det følgjer av inndelingslova § 8 at ein innbyggjar har initiativrett til å søke om utgreiing av grensejustering. Initiativrett til å søke om utgreiing av samanslåing eller deling av ein kommune er det berre kommunestyret i kommunen det gjeld som har. Det er lagt opp til ein enklare saksbehandlingsprosess ved grensejustering enn ved deling. Noko av grunngevinga for at inndelingslova gir ulike reglar for deling og grensejustering er truleg knytt til at ein har lagt til grunn at grensejusteringar ofte vil omfatte saker av mindre omfang enn samanslåings- og delingssaker.

I denne saka er det ikkje tvilsamt at det er tale om ei grensejustering. Det er likevel Fylkesmannen si vurdering at saka er av ein slik storleik at konsekvensar av ei grensejustering i realiteten vil vere dei same som ved ei deling av kommunen. Fylkesmannen viser i den samanheng til inndelingslova § 3, 3. ledd, 3. punktum der det går fram at departementet kan fastsette at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, dersom området har ein mindre del av innbyggjarane i ein kommune. Det vil seie at det som eigentleg er ei delingssak kan behandlast som ei grensejustering dersom saka gjeld ein «mindre del av ein kommune». Vurderinga av kva som utgjer ein «mindre del av ein kommune» avgjerast etter ei skjønsmessig vurdering. Det følgjer av rundskriv til inndelingslova at normalt vil 25 % av innbyggjarane danne ei øvste grense for kva som er «ein mindre del av kommunen» og som kan gjennomførast som ei grensejustering. Det vil seie at for delingssaker som omfattar meir enn 25 % av innbyggjarane i ein kommune, vil det normalt ikkje vere høve til å behandle saka som ei grensejustering med dei forenkla saksbehandlingsreglane som gjeld for slike saker. Grunngevinga for dette er truleg knytt til at saker av eit slikt omfang bør følgje dei ordinære og meir omfattande saksbehandlingsreglane som er gitt for delings- og samanslåingssaker.

Ut i frå befolkningsstorleik, demografiske utviklingstrekk og utfordringar knytt til dette er det Fylkesmannen si vurdering at Vanylven kommune vil vere meir sårbar ved ei grensejustering av eit slikt omfang enn større og meir robuste kommunar. Fylkesmannen viser vidare til at i arbeidet med kommunereforma blei det frå Vanylven kommune si side tatt initiativ til nabopratt med fleire av nabokommunane både i eige fylke og nabofylke. Kommunestyret i Vanylven var positive til å etablere nye Runde kommune saman med Sande, Herøy, Ulstein og Hareid men negative vedtak i nabokommunane gjorde at Vanylven kommune blei ståande att som «ufrivillig åleine».

Fylkesmannen ser at søknad om utgreiing av grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune i all hovudsak er grunngeve ut ifrå ei oppleving av større tilhørslse til Nordfjord enn det er nordover til resten av Vanylven kommune. Reisetid frå Åheim til Fiskå (kommunesenteret i Vanylven) er på 19 min, reisetid til kommunesenteret i Selje er på 16 min og reisetid til kommunesenteret i Eid er på 45 min. Reisetid til kommunale tenester vil såleis ikkje bli vesentleg forbetra ved ei eventuell grensejustering (vedlegg 6).

Det er Fylkesmannen si vurdering at det i nærmaste framtid vil bli naudsynt å ta opp att spørsmålet om endring i kommunestruktur for Vanylven kommune. Dette utifrå tidlegare kommunestyrevedtak, det utfordringsbilete kommunen står ovanfor og kommunen sin befolkningsstorleik. Det vil i den samanheng også vere aktuelt å sjå nærmare på spørsmålet om det er meir naturleg at delar av kommunen går sørover mens resten av kommunen orienterer seg nordover. Fylkesmannen meiner det vil legge til rette for ein betre prosess dersom spørsmålet om grenseendring for Vanylven kommune blir vurdert i ein samla og heilskapleg samanheng som ser på totalbiletet for heile



kommunen. Fylkesmannen rår derfor til at søknad om utgreiing av grensejustering for Åheim, Thue, Gusdal og størsteparten av Vik blir avslått.

Fylkesmannen sender med dette saka over til KMD for endeleg avgjerd.

Med helsing

Vigdis Rotlid Vestad (e.f.)
Stabsleiar

Frida Farstad Brevik
Seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Samanstilling av vedlegg nr. 1-6

Kopi utan vedlegg til:

**VANYLVEN KOMMUNE
NYE STAD KOMMUNE FRA 01.01.2020
UNDER FORHÅNDSREGISTRERING**

Jørgen André Sjøstad

SELJE KOMMUNE

EID KOMMUNE

**RÅDHUSET 6143 FISKÅ
Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID**

**6146 ÅHEIM
6740 SELJE
Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID**

Fra: Jørgen Sjøstad[akzelena@gmail.com] Sendt: 14. mar 2019 16:34:26 Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Tittel: Fwd: Grensejustering av Åheim

Jørgen Sjøstad
Sjurledet
6146 Åheim

Fylkesmannen i Møre & Romsdal
PB 2520
6404 Molde

Grensejustering av Åheim inn i Stad Kommune

Torsdag 18/10-18 starta eg eit opprop på sida *Opprop.net*, der oppropet handla om å få Åheim grensejustert inn i nye Stad Kommune. Grunnen til at eg starta dette oppropet, var for å lodde om det var noko interesse i bygda for å bli ein del av den nye Nordfjord kommuna. Oppropet har resultert i omlag 100 underskrifter, samtidig som eg veit mange "sitt på gjerdet" å ventar kva som skjer vidare i denne saka. Ideelt sett meiner eg heile Vanylven kommune skulle sett mot sør, med sidan kommunestyret har fatta vedtak om å stå åleine/sjø nordover i ei evt. sammenslåing, ser eg ikkje anna løysing enn at Åheim åleine må gå inn for ei grensejustering sørover.

Første og største saka som gjer at eg ynskjer å få Åheim grensejustert er for å opne opp fylkesgrensa med dei hindringane dette medfører. Til dømes vil ungdomane frå Åheim få mulighet til å kunne bu heime under heile den vidaregåande opplæring da dei kan gå på skule både i Måløy, Eid og i Stryn som har eit breidt utval linjer. Etter oppropet blei oppretta har Vanylven Kommune som kjent fått til ei avtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune, men etter det eg har forstått er dette ei avtale som kan seiast opp kortid som helst. Eg meiner dermed at ein framleis bør gå inn for å bli ein del av Vestland og få ein lovfesta rett til skuleplass i Nordfjord/Vestland. Ei grensejustering sørover vil også føre til at ein får større rettar hos sjukehuset på Nordfjordeid, som også inneheld legevakt på kveld/helg. Fleire Åheimarar har og bytta legesenter til Selje/Nordfjordeid som følge av gjennomstrømmen av leger ved Vanylven Legekontor.

Historisk sett har Åheim hatt større tilhøyrrighet i Nordfjord, enn kva ein har med kommunene nord om oss. Dette har med den geografiske plasseringa Åheim har i Vanylven Kommune, samt at ein har fastlandsforbindelse mot sør, og slepp å vere avhengig av ferje for å reise ut av kommuna. I helgane oppsøker gjerne Åheimarane, Selje eller Måløy for å delta på offentlige arrangement, ein bygger da i ei tidlig fase opp eit nettverk i Nordfjord. Sidan Nordfjord er under ei enorm utvikling, kor ein har alt ein treng av butikkar, fasilitetar, tjenester frå næringslivet m.m. fører dette som oftast til at ein viker unna fergene og tek kjappaste og kortaste vegen for å få dekt sine behov. Dersom ein ser bort fra dei som jobbar på Sibelco, går også ein god del av pendlinga frå Åheim sørover, ut av Vanylven Kommune.

Ei grensejustering av Åheim vil og føre til at Stad Kommune vil bli meir funksjonell og ei større geografisk sammenhengande kommune, da den også vil få farbar veg mellom kommunesentera. (har per dags dato felles grense i utmark.). Åheim vil da gå fra å vere ein utkant i Vanylven/Møre og Romsdal, til å bli ein del av senter i nye Stad Kommune. Vi ser også føre oss at Åheim vil vere en strategisk plass å etablere brann og ambulanse tenester med tanke på at det da vil vere omtrent like langt til ytre del av selje kommune, som indre del av Eid Kommune. Slik eg ser det vil heller ikkje føre til noko spesiell økonomisk ulempe for Vanylven Kommune dersom Åheim skulle bli justert inn i Stad, da ein har få kommunale tilbod på Åheim.

Det eg ser føre meg vil inngå i grensejusteringa, er skulekrinsen 6146 Åheim (grunnkrinsane Åheim, Thue, Gusdal, Slnes/Vik)

Eg bed med dette om at fylkesmannen i Møre & Romsdal tek denne saka opp til handsaming, med håp om at fylkeskommuna kan gjennomføre ei gyldig folkerøysting.

Vedlegg: Underskrifter, kart

Mvh

Jørgen Sjøstad

ÅHEIM INN I STAD KOMMUNE

Underskriftskampanje for å få bygder tilhøyrande postadresse 6146 Åheim overført til Stad Kommune. Ligg også ute ei liste på facebookside til Åheim Bygdeutvikling, kor ein kan bestemme om signatur skal stå offentlig eller ikkje.

Jørgen Sjøstad

| | |
|------------------------|-------------------------|
| Britt Levold | Nina Espeland |
| Ann-Iren Nummedal | Arne Aker |
| Per Roar Haug | Sigehi Stahl |
| Swann Bakkeba | Wahne Berge |
| Randi dundebekke Voh- | Helge Sjøerheim |
| Annlaug Ekremmoa Hval | Thor O. Sjøerud |
| Vingve / Skremseth | Per Tore Boqvist |
| Uldut Margate Bugut | Svein Fagerlund |
| Hilde Haukeberg | Tordis Brenne |
| Ait-Kristin Bekk | Per Ole |
| Arvid Arne Engen | Lunde Ekremseter |
| Trine Osnes | Monne Chudrovicovic |
| Åse-Britt Bakkeberg | Helen Sjøerud |
| Jon F. True | Johild Birkedal Solheim |
| Sivila Høden Osnes | Ingunn Grodal |
| Veronika B. Sunson | Geetha Skue |
| Thor Inge Heybakk | Åsleiv Thun |
| Åsleiv Thun | Geetha Skue |
| Evy Bakkeberg | Geetha Skue |
| Henninge Amundsen | Geetha Skue |
| Emil H. Hystøl | Geetha Skue |
| Jens Levold | Geetha Skue |
| Roger Bruland | Geetha Skue |
| Harald Osnes | Geetha Skue |
| Geetha Skue | Geetha Skue |
| Sissel Berget | Geetha Skue |
| Anna Beitvedt | Geetha Skue |

ÅHEIM INN I STAD KOMMUNE

61 mennesker har signert dette oppropet.

| # Navn | City | E-post adresse | Email confirmed | Telefonnummer | Comment | Dato |
|---------------------------------|--------------|----------------------------------|-----------------|---------------|--|------------|
| 1. Jørgen Andre Sjøstad | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 2. Roger Bruland | ÅHEIM | roger.bruland@hotmail.com | Nei | 98073489 | | 2018-10-18 |
| 3. Helge Endal | Åheim | helge1969@hotmail.com | Ja | | | 2018-10-18 |
| 4. Jan-Erik Hellebust | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 5. Trond Borg | Åheim | trondhborg@gmail.com | Ja | 45043049 | | 2018-10-18 |
| 6. Stig Arne Ekremsæter | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 7. Marta Andruszkiewicz | Åheim | andruszkiewiczmartha13@gmail.com | Nei | +4740587745 | | 2018-10-18 |
| 8. Nina Espeland | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 9. Marius Ekremsæter | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 10. Celine Endal | Åheim | celineendal@hotmail.com | Nei | 47170781 | | 2018-10-18 |
| 11. Alice Hatlegjerde | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 12. Tore Nystøyl | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 13. Jon A. Thue | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 14. Malin Honningsvåg | Nordfjordeid | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 15. Anna Kvamme | Selje | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 16. Wenche Anita Haugen Thue | Åheim | wenche@vest-industrivask.no | Ja | 90967436 | | 2018-10-18 |
| 17. Geir Aarsnes | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 18. Per Bjørn Vik | Åheim | - | Nei | | Slik eg ser det, så ligg det tydligare og tydligare i korta at vi på sikt kjem til å bli slått sammen nordover. Det vil i så fall vere svært negativt for Åheimsbygda. | 2018-10-18 |
| 19. Ingvild Bøstrand | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 20. Kristin Otneim Aarsnes | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-18 |
| 21. Daniel Kriken | Åheim | kriken.daniel@outlook.com | Ja | 91881308 | | 2018-10-18 |
| 22. Laila Hovden Osnes | Åheim | laila.hovden.osnes@gmail.com | Nei | | | 2018-10-19 |
| 23. Asgeir Halse | Åheim | asgeir.halse@hotmail.com | Ja | | | 2018-10-19 |
| 24. Anna Sjøstad | 6146 Åheim | annabelden99@hotmail.com | Ja | | | 2018-10-19 |
| 25. Annie Solheim | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-19 |
| 26. Sara Solheim | åheim | samarariesolheim@gmail.com | Nei | 94893976 | | 2018-10-19 |
| 27. Jarle Leite | Stårheim | jarlele@hotmail.com | Ja | | | 2018-10-19 |
| 28. Monica Renate Sande Sjøstad | Åheim | monica_renate@hotmail.no | Ja | | | 2018-10-20 |
| 29. Sigrid Bringe Thue | 6146 Åheim | sbthue@online.no | Ja | | | 2018-10-20 |

| # Navn | City | E-post adresse | Email confirmed | Telefonnummer | Comment | Dato |
|------------------------------|------------|--------------------------------|-----------------|---------------|---|------------|
| 30. Morten Hellebust | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-20 |
| 31. Runar Hommo | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-20 |
| 32. Jan Magnus Thue | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-20 |
| 33. Geir Nielsen | Sylte | - | Nei | | Det er heilt naturleg at heile Vanylven, eller ev den sørlige delen av kommunen blir en del av Stad kommune og Vestland region. | 2018-10-20 |
| 34. Kari Orheim | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-20 |
| 35. Svein Storeide | Sylte | - | Nei | | Vil ønske åheim lykke på reisa | 2018-10-20 |
| 36. Kai Jonny Thue Venøy | Åheim | kaijonnytv@live.com | Ja | | | 2018-10-22 |
| 37. Erlend Løvold | Åheim | erlend_loevold@hotmail.com | Ja | | | 2018-10-23 |
| 38. Ingunn Vik | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-23 |
| 39. Per Bjørn Vik | Åheim | pbvik@hotmail.com | Nei | | | 2018-10-23 |
| 40. Susann Krogenes Brobakke | Bryggja | - | Nei | | | 2018-10-23 |
| 41. Caroline Erviksæter | KJØLSDALEN | omchorses@gmail.com | Ja | | | 2018-10-24 |
| 42. Jon Sivert Thue | Åheim | jon.sivert@gmail.com | Nei | | | 2018-10-24 |
| 43. aina otneim otneim | Stadlandet | aina.otneim@gmail.com | Ja | 90681788 | | 2018-10-26 |
| 44. Alfred Bakkebø | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-26 |
| 45. Benedicte Sjøstad | Nannestad | - | Nei | | | 2018-10-28 |
| 46. Hanne Bakkebø | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-28 |
| 47. Liv Øvreberg | 6146 Åheim | - | Nei | | | 2018-10-30 |
| 48. Jermund Rekkedal | Åheim | - | Nei | | | 2018-10-30 |
| 49. Jan Ove Vik | Åheim | - | Nei | | | 2018-11-01 |
| 50. Marianne Petersen | Åheim | mariannepetersen78@gmail.com | Ja | 90541512 | | 2018-11-04 |
| 51. Heidi Tandberg | Fiskå | heidi_tandberg@hotmail.com | Ja | | | 2018-11-07 |
| 52. Kristen Otterlei Moen | Ålesund | kristenom@hotmail.com | Nei | | | 2018-11-07 |
| 53. Anette Holthe | Åheim | - | Nei | | | 2018-11-07 |
| 54. Erlend Nystøyl | Åheim | erlendhn1@hotmail.com | Ja | 99004887 | | 2018-11-12 |
| 55. Jonas Kriken | Måløy | - | Nei | 91910719 | | 2018-11-13 |
| 56. Sander seland Hellebust | Åheim | sander95_hellebust@hotmail.com | Nei | 46825043 | | 2018-11-15 |
| 57. Martin Skorge | Skorge | - | Nei | | | 2018-11-15 |
| 58. Monica Helen Berge | Åheim | - | Nei | | | 2018-11-24 |
| 59. Andreas Kriken | Åheim | - | Nei | | | 2018-12-09 |
| 60. Brynjar Hatlegjetde | Åheim | - | Nei | | | 2018-12-25 |

| # Navn | City | E-post adresse | Email confirmed | Telefonnummer | Comment | Dato |
|--------------|-------|---------------------|-----------------|---------------|---|------------|
| 61. Per Thue | Åheim | per.j.thue@mimer.no | Nei | 94485801 | Eg har budd i ein geografisk utkant av Vanylven i over 80 år og veit kva det betyr. I Stad kommune blir Åheim betre plassert. For øvrig er mi meining at heile Vanylven burde gå sørover. | 2019-02-04 |







Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

19.02.2019

Vår ref:

2019/3928

Dykkar dato:

06.02.2019

Dykkar ref:

Jørgen Sjøstad
Sjurledet
6146 Åheim

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eli Merete Velle, 5557 2121

Rettleiing - sak om grensejustering - Åheim inn i Stad kommune

Vi viser til ditt brev til Vanylven kommune datert 6. februar 2019, der Fylkesmannen i Vestland står som kopimottakar. Saka gjeld grensejustering av Åheim, der de ynskjer å få Åheim innlemma i nye Stad kommune frå 1.1.2020. Du har samla inn om lag 100 underskrifter for saka.

Til orientering vert slike saker regulerte av inndelingslova, lov nr. 70 av 15.06.2001. Sjå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70?q=inndelingslov>

Det står i inndelingslova § 8 fjerde ledd: «*Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseendring eller grensefastsetjing skal vere skriftleg og grunngitt, og må innehalde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendast Fylkesmannen i det området saka gjeld. Fylkesmannen skal så snart som råd orientere kommunane eller fylkeskommunane om søknaden.*»

Initiativet til grensejustering er fremja av innbyggjarane i Åheim, som har initiativrett etter § 8 første ledd, og det er grunngjeve. Men framlegget til nye grenser bør i tillegg merkast av i eit offentleg godkjent kart. Vi viser til kommunaldepartementet sitt rundskriv til inndelingslova H-10/15 pkt. 3.2.3.

I punkt 3.2.5 i rundskrivet står det vidare at:

«*Dersom ei sak omfattar fleire fylke, må fylkesmennene i dei aktuelle fylka kome fram til ei føremålstenleg ordning for korleis saka skal førebuast. Ei løysing kan vere at det er fylkesmannen i det fylket der søkjaren bur som handsamar søknaden, eventuelt fylkesmannen i det fylket som størstedelen av det aktuelle område høyrer til. Slike spørsmål må fylkesmennene avklare seg imellom så snart som råd etter at ein søknad er motteken. Tvistetilfelle kan takast opp med departementet, som også tek avgjerd i saker om endring av fylkesgrenser.*» (vår understreking)

Fylkesmannen i Vestland meiner såleis at det er mest nærliggjande at Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsamar denne saka vidare. Vi rår dykk difor til å sende saka til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og de bør då leggje ved eit kart som viser framlegg til ny grense.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Til orientering har fylkesmennene nyleg motteke brev frå kommunal- og regionaldepartementet der departementet ber om at det ikkje vert gjort fleire vedtak om grensejusteringar med verknad frå 1. januar 2020. Sjå vedlagte brev datert 11. februar 2019.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Eli Merete Velle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------------|----------------|------|--------------|
| VANYLVEN KOMMUNE | RÅDHUSET | 6143 | FISKÅ |
| SELJE KOMMUNE | | 6740 | SELJE |
| EID KOMMUNE | Rådhusvegen 11 | 6770 | NORDFJORDEID |
| FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL | Postboks 2520 | 6404 | MOLDE |



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato:

19.03.2019

Vår ref:

2019/1283

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune

Vi viser til søknad om utgreiing av grensejustering frå Jørgen Sjøstad, sjå vedlegg. Sjøstad søker om ei grensejustering av grunnkrinsen 15110107 Åheim, 15110108 Thue, 15110109 Gusdal og størsteparten av grunnkrins 15110205 Vik frå Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke til nye Stad kommune i Vestland fylke.

Ein innbyggjar i ein kommune har initiativrett til å søke om at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering jf. inndelingslova § 8, 1. ledd.

Søknad om dette skal vere skriftleg, grunngeve, innehalde forslag til nye grenser og sendast Fylkesmannen i det området saka gjeld. Fylkesmannen i Vestland har i brev av 19.02.2019 gitt uttrykk for at søknaden bør behandlast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal jf. rundskriv H-10/15 punkt 3.2.5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke søknad frå Sjøstad den 14.03.2019.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) avgjer om det skal settast i gong utgreiing på grunnlag av initiativ etter inndelingslova § 8.

Fylkesmannen ber kommunane Vanylven og nye Stad om ei uttale i saka før saka blir sendt over til KMD. Kommunane Eid og Selje kan og gi uttale i saka om ønskeleg.

Frist for uttale er sett til 30.04.2019.

Med helsing

Vigdis Rotlid Vestad (e.f.)
Stabsleiar

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad om grensejustering av Åheim,
14.03.2019



Kopi til:

Jørgen André Sjøstad

EID KOMMUNE

SELJE KOMMUNE

Rådhusvegen 11

6146 ÅHEIM

6770 NORDFJORDEID

6740 SELJE

Mottakere:

VANYLVEN KOMMUNE

NYE STAD KOMMUNE FRA 01.01.2020

UNDER FORHÅNDSREGISTRERING

RÅDHUSET

Rådhusvegen 11

6143 FISKÅ

6770 NORDFJORDEID



Fellesnemnda for Eid og Selje

Partssamansett utval

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår ref:

19/986-2/ FE-033 ÅKR

Dykkar ref.

Dato:

30.04.2019

Uttale til søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune

Partssamansett utval- 021/19, har i møte 25.04.2019 fatta følgjande vedtak:

Fellesnemnda for Eid og Selje sluttar seg til vedlagt uttale.

Uttale frå Stad2020 og fellesnemnda Eid/Selje.

Fellesnemnda for Eid og Selje viser til overnemnde brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om initiativet til grensejustering av Åheim inn i Stad kommune.

Nye Stad kommune blir skipa 1.1.2020 gjennom samanslåing av Eid og Selje, samt Bryggja i dagens Vågsøy kommune. Den nye kommunen vil få ca 9.500 innbyggjarar, og med det bli den største kommunen i Nordfjord og av dei fire største i Sogn og Fjordane. Kommunen vil få ein bu- og arbeidsmarknad rundt seg på 40-50.000 menneske i Nordfjord og på Sunnmøre. Vanylven og Åheim vil vere ein del av denne bu- og arbeidsmarknaden. Det er rett som det står i initiativet om grensejustering at Åheim vil ligge geografisk sentralt i høve nye Stad kommune, og at kortaste veg mellom Eid og Selje går via Åheim.

I intensjonsavtalen mellom Eid og Selje er kommunane samde om at ein på generelt grunnlag er positive til ei utviding av kommunen (punkt 11 i intensjonsavtalen). Vi har på bakgrunn av dette stilt oss positive til at Bryggja blir ein del av nye Stad kommune, med då ut frå at dette har vore eit tydeleg ønskje frå innbyggjarane for Bryggja.

Ei grensejustering er ei særskilt viktig sak for lokalbefolkninga, og det er viktig at prosessen og eit eventuelt vedtak er forankra i ynskje frå innbyggjarane på Åheim, og i ein god dialog med Vanylven kommune.

Vi stiller oss difor positive til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal på eigna måte medvirkar til å kartlegge folket i bygda sine ynskje og konsekvensane av ei eventuell grensejustering, jmf prosessen som vart gjennomført på Bryggja i 2017.

Fram til ei slik kartlegging er gjort, der folk i bygda sitt syn er godt kartlagt, vil Fellesnemnda for Stad kommune avvente å ta stilling til om Åheim bør gå inn i Stad kommune eller ikkje. Vi stiller gjerne opp på informasjonsmøte eller liknande, under føresetnad av at også Vanylven kommune deltek på lik linje.

Uansett konklusjon i saka ynskjer vi å ha eit nært samarbeid og god dialog med både bygda Åheim og Vanylven kommune i åra framover, for å legge til rette for felles utvikling og vekst i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Vedtaket kan påklagast, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet medling om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf. forvaltningslova § 29.

Adresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org. nr

938521816

E-post

post@eid.kommune.no

Internett

www.eid.kommune.no

Med helsing

Åslaug Krogsæter
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Fellesnemnd for Eid og Selje

Partssamansett utval

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/5379
Saksbehandlar: Åslaug Krogsæter,
Stad2020
Vedtaksdato: 08.04.2019

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|------------------------------|------------|
| 035/19 | Fellesnemnd for Eid og Selje | 25.04.2019 |
| 021/19 | Partssamansett utval | 25.04.2019 |

Uttale til søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune

Bakgrunn for saka:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt nye Stad kommune om å gi uttale til eit initiativ om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda for Eid og Selje sluttar seg til vedlagt uttale.

Vedlegg i saka:

| | | |
|------------|--|---------|
| 21.03.2019 | Søknad om grensejustering mellom Vanylven og Stad kommune | 1419049 |
| 21.03.2019 | Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune - frist for uttale | 1419050 |
| 21.03.2019 | Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune | 1419051 |
| 12.04.2019 | Vi syner til brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 19 | 1421472 |

Partssamansett utval 25.04.2019:

Handsaming:

, foreslått av ,

Uttale frå Stad2020 og fellesnemnda Eid/Selje.

Fellesnemnda for Eid og Selje viser til overnemnde brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om

initiativet til grensejustering av Åheim inn i Stad kommune.

Nye Stad kommune blir skipa 1.1.2020 gjennom samanslåing av Eid og Selje, samt Bryggja i dagens Vågsøy kommune. Den nye kommunen vil få ca 9.500 innbyggjarar, og med det bli den største kommunen i Nordfjord og av dei fire største i Sogn og Fjordane. Kommunen vil få ein bu- og arbeidsmarknad rundt seg på 40-50.000 menneske i Nordfjord og på Sunnmøre. Vanylven og Åheim vil vere ein del av denne bu- og arbeidsmarknaden. Det er rett som det står i initiativet om grensejustering at Åheim vil ligge geografisk sentralt i høve nye Stad kommune, og at kortaste veg mellom Eid og Selje går via Åheim.

I intensjonsavtalen mellom Eid og Selje er kommunane samde om at ein på generelt grunnlag er positive til ei utviding av kommunen (punkt 11 i intensjonsavtalen). Vi har på bakgrunn av dette stilt oss positive til at Bryggja blir ein del av nye Stad kommune, med då ut frå at dette har vore eit tydeleg ønskje frå innbyggjarane for Bryggja.

Ei grensejustering er ei særskilt viktig sak for lokalbefolkninga, og det er viktig at prosessen og eit eventuelt vedtak er forankra i ynskje frå innbyggjarane på Åheim, og i ein god dialog med Vanylven kommune.

Vi stiller oss difor positive til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal på eigna måte medvirkar til å kartlegge folket i bygda sine ynskje og konsekvensane av ei eventuell grensejustering, jmf prosessen som vart gjennomført på Bryggja i 2017.

Fram til ei slik kartlegging er gjort, der folk i bygda sitt syn er godt kartlagt, vil Fellesnemnda for Stad kommune avvente å ta stilling til om Åheim bør gå inn i Stad kommune eller ikkje. Vi stiller gjerne opp på informasjonsmøte eller liknande, under føresetnad av at også Vanylven kommune deltek på lik linje.

Uansett konklusjon i saka ynskjer vi å ha eit nært samarbeid og god dialog med både bygda Åheim og Vanylven kommune i åra framover, for å legge til rette for felles utvikling og vekst i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Fellesnemnda for Eid og Selje sluttar seg til vedlagt uttale. Samrøystes.

PAU- 021/19 Vedtak:

Fellesnemnda for Eid og Selje sluttar seg til vedlagt uttale.

Uttale frå Stad2020 og fellesnemnda Eid/Selje.

Fellesnemnda for Eid og Selje viser til overnemnde brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om initiativet til grensejustering av Åheim inn i Stad kommune.

Nye Stad kommune blir skipa 1.1.2020 gjennom samanslåing av Eid og Selje, samt Bryggja i dagens Vågsøy kommune. Den nye kommunen vil få ca 9.500 innbyggjarar, og med det bli den største kommunen i Nordfjord og av dei fire største i Sogn og Fjordane. Kommunen vil få ein bu- og arbeidsmarknad rundt seg på 40-50.000 menneske i Nordfjord og på Sunnmøre. Vanylven og Åheim vil vere ein del av denne bu- og arbeidsmarknaden. Det er rett som det står i initiativet om grensejustering at Åheim vil ligge geografisk sentralt i høve nye Stad kommune, og at kortaste veg mellom Eid og Selje går via Åheim.

I intensjonsavtalen mellom Eid og Selje er kommunane samde om at ein på generelt grunnlag er positive til ei utviding av kommunen (punkt 11 i intensjonsavtalen). Vi har på bakgrunn av dette stilt oss positive til at Bryggja blir ein del av nye Stad kommune, med då ut frå at dette har vore eit tydeleg ønskje frå innbyggjarane for Bryggja.

Ei grensejustering er ei særskilt viktig sak for lokalbefolkninga, og det er viktig at prosessen og eit eventuelt vedtak er forankra i ynskje frå innbyggjarane på Åheim, og i ein god dialog

med Vanylven kommune.

Vi stiller oss difor positive til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal på eigna måte medvirkar til å kartlegge folket i bygda sine ynskje og konsekvensane av ei eventuell grensejustering, jmf prosessen som vart gjennomført på Bryggja i 2017.

Fram til ei slik kartlegging er gjort, der folk i bygda sitt syn er godt kartlagt, vil Fellesnemnda for Stad kommune avvente å ta stilling til om Åheim bør gå inn i Stad kommune eller ikkje. Vi stiller gjerne opp på informasjonsmøte eller liknande, under føresetnad av at også Vanylven kommune deltek på lik linje.

Uansett konklusjon i saka ynskjer vi å ha eit nært samarbeid og god dialog med både bygda Åheim og Vanylven kommune i åra framover, for å legge til rette for felles utvikling og vekst i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Fellesnemnd for Eid og Selje 25.04.2019:

Handsaming:

Fellesnemnda for Eid og Selje sluttar seg til vedlagt uttale. Samrøystes.

FEN- 035/19 Vedtak:

Uttale frå Stad2020 og fellesnemnda Eid/Selje.

Fellesnemnda for Eid og Selje viser til overnemnde brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om initiativet til grensejustering av Åheim inn i Stad kommune.

Nye Stad kommune blir skipa 1.1.2020 gjennom samanslåing av Eid og Selje, samt Bryggja i dagens Vågsøy kommune. Den nye kommunen vil få ca 9.500 innbyggjarar, og med det bli den største kommunen i Nordfjord og av dei fire største i Sogn og Fjordane. Kommunen vil få ein bu- og arbeidsmarknad rundt seg på 40-50.000 menneske i Nordfjord og på Sunnmøre. Vanylven og Åheim vil vere ein del av denne bu- og arbeidsmarknaden. Det er rett som det står i initiativet om grensejustering at Åheim vil ligge geografisk sentralt i høve nye Stad kommune, og at kortaste veg mellom Eid og Selje går via Åheim.

I intensjonsavtalen mellom Eid og Selje er kommunane samde om at ein på generelt grunnlag er positive til ei utviding av kommunen (punkt 11 i intensjonsavtalen). Vi har på bakgrunn av dette stilt oss positive til at Bryggja blir ein del av nye Stad kommune, med då ut frå at dette har vore eit tydeleg ønskje frå innbyggjarane for Bryggja.

Ei grensejustering er ei særskilt viktig sak for lokalbefolkninga, og det er viktig at prosessen og eit eventuelt vedtak er forankra i ynskje frå innbyggjarane på Åheim, og i ein god dialog med Vanylven kommune.

Vi stiller oss difor positive til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal på eigna måte medvirkar til å kartlegge folket i bygda sine ynskje og konsekvensane av ei eventuell grensejustering, jmf prosessen som vart gjennomført på Bryggja i 2017.

Fram til ei slik kartlegging er gjort, der folk i bygda sitt syn er godt kartlagt, vil Fellesnemnda for Stad kommune avvente å ta stilling til om Åheim bør gå inn i Stad kommune eller ikkje. Vi stiller gjerne opp på informasjonsmøte eller liknande, under føresetnad av at også Vanylven kommune deltek på lik linje.

Uansett konklusjon i saka ynskjer vi å ha eit nært samarbeid og god dialog med både

bygda Åheim og Vanylven kommune i åra framover, for å legge til rette for felles utvikling og vekst i vår felles bu- og arbeidsmarknadsregion.



VANYLVEN KOMMUNE

Serviceforset

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520

6404 MOLDE

| <i>Saksnr</i> | <i>Løpenr/Arkiv</i> | <i>Dykkar ref.</i> | <i>Avd/Saksansvarleg</i> | <i>Dato</i> |
|---------------|---------------------|--------------------|--------------------------|-------------|
| 2019/126 | 3892/2019 / 002 | | SER / SANLEN | 09.05.2019 |

MELDING OM VEDTAK

Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommunar - uttale frå Vanylven kommune

Kommunestyret handsama i møte den 07.05.2019 – sak 62/2019. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Vanylven kommune ser det ikkje som føremålsteneleg med grensejustering for 6146 Åheim.
2. Vanylven kommune ber om at Fylkesmannen held ei innbyggjarhøyring/undersøking om grensejustering for Åheim mellom Vanylven og nye Stad kommune.

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift:
Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

| | |
|----------------------|-------------------|
| Jørgen André Sjøstad | 6146 Åheim |
| EID KOMMUNE | 6770 Nordfjordeid |
| SELJE KOMMUNE | 6740 Selje |



VANYLVEN KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

| | | |
|----------------------------|----------------------|------------------------------------|
| <i>Saksnr:</i> 2019/126 | <i>Arkiv:</i> 002 | <i>Avd/Saksansv:</i> RÅD/NYGANE |
|----------------------------|----------------------|------------------------------------|

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|---------------|-----------------|
| 87/2019 | Formannskapet | 23.04.2019 |
| 62/2019 | Kommunestyret | 07.05.2019 |

Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommunar - uttale frå Vanylven kommune

Tilråding:

Vanylven kommune ser det ikkje som føremålsteneleg med grensejustering for 6146 Åheim.

Vedlegg

- 1 Søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommune
- 2 Grensejustering av Åheim inn i Stad kommune
- 3 Ang. sak om grensejustering Åheim - uttale frå Slagnes og Vik krins

Samandrag av saka:

Vanylven kommune er i brev frå Fylkesmannen, datert 19.03.2019, bedt om å uttale seg til søknad om grensejustering mellom Vanylven og nye Stad kommunar. Jørgen Sjøstad søker i brev til Fylkesmannen, datert 14.03.2019, om ei grensejustering av grunnkrinsen 15110107 Åheim, 15110108 Thue, 15110109 Gusdal og størsteparten av grunnkrins 15110205 Vik frå Vanylven kommune i Møre og Romsdal fylke til nye Stad kommune i Vestland fylke.

Saksopplysningar:

Jørgen Sjøstad starta eit opprop i 2018 og har samla inn underskrifter for å få flytta grensa for Åheim, slik at Åheim vert tilhøyrande nye Stadt kommune. Han bad difor, innleiingsvis, kommunestyret om å handsame saka, og då gjennomføre i formell folkerøysting på om fylkes- og kommunegrense skal flyttast slik at 6146 Åheim vert tilhøyrande Stadt kommune og Vestland fylkeskommune. Oppropet handla om Åheim, i ettertid har også Slagnes vorte implementert i grensejusteringa – slik at det er 6146 Åheim som er «teikna inn på kartet». Formannskapet handsama oppropet i møte den 19.02.2019 – sak 37/2019.

I ettertid har dette vorte endra, og saka er oversendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for handsaming. Kommunen vert difor ein høyringspart, og no i denne omgong bed Fylkesmannen om ein uttale i saka.

Vanylven kommune grensar til Sande/Herøy i nord, til Volda i aust og til Eid/Vågsøy i sør og mot Selje i sørvest. Kommunen er etablert etter ei samanslåing av Vanylven, Syvde og delar av Rovde kommunar i 1964, og i tillegg vart Åram overført til Vanylven etter ei grensejustering i 2002.

Nye samferdselsprosjekt vil påverke dynamikken i denne regionen i framtida. Realisering av Stad skipstunnel og ei framtidig fjordkryssing av Rovdefjorden vil gjere endre reisemønster og gje grunnlag for vekst på område som moglegvis har opplevd stagnasjon dei seinare åra. Likevel vil kommuneorganisasjonen skulle levere tenester til innbyggjarane, parallelt med kva utvikling som vil utspele seg på tvers av kommunegrenser innan næringsliv, reiseliv, jobbmarknad, attraktivitet for busetnad m.m.

Slik det går fram av Inndelingslova § 10 er det avgrensa til at innbyggjarane i «det aktuelle området» sine relevante argument som skal vektleggast.

Fram til 2016 vart det arbeid grundig med kommunereforma, der Vanylven kommune moglegvis var ei av dei meir aktive kommunane når det gjald utgreiingar og vurderingar av alternativ. Kommunen gjennomførte også ei folkerøysting, med ei valdeltaking på 63 %.

Resultata for dei enkelte krinsane var som følger:

| KRINS | % oppmøte | Blank | NEI | NEI Nord | NEI Sør | JA Nord | JA Sør | Sum røyster |
|--------------------|----------------|---------------|----------------|----------------|---------------|----------------|---------------|-----------------|
| Førehandsrøysting | | 8 | 42 | 67 | 11 | 292 | 15 | 435 |
| Åheim | 47,21 % | 14 | 69 | 35 | 49 | 67 | 71 | 305 |
| Sylte | 57,53 % | 3 | 21 | 15 | 9 | 26 | 10 | 84 |
| Fiskå | 39,30 % | 8 | 20 | 81 | 10 | 148 | 14 | 281 |
| Åram | 51,00 % | 0 | 4 | 29 | 6 | 85 | 3 | 127 |
| Eidså | 48,35 % | 0 | 10 | 18 | 2 | 58 | 0 | 88 |
| Myklebust | 47,11 % | 2 | 21 | 53 | 8 | 159 | 18 | 261 |
| Rovde | 60,36 % | 2 | 20 | 30 | 2 | 80 | 0 | 134 |
| Uspesifisert krins | 0,00 % | | | | | | | 0 |
| Sum | 63,05 % | 37 | 207 | 328 | 97 | 915 | 131 | 1715 |
| % | | 2,16 % | 12,07 % | 19,13 % | 5,66 % | 53,35 % | 7,64 % | 100,00 % |

For Åheim krins var det totalt 47,21% som røysta på valdagen, av desse røysta 33,44 % for ei kommunesamanslåing i retning «nordover», medan 39,34 % røysta «sørover».

Marginane er difor små for å kunne sjå eit markant ynskje om ei tilhøyringheit sørover, kontra nordover. 22,62 % av røystene på Åheim ynskja å behalde kommunestrukturen slik den er.

Når det gjeld avstand til kommunesenter, vil Fiskå vere kortare i reiseavstand for dei fleste i området som er søkt grensejustert, i motsetning til eit kommunesenter på Eid/Selje. Denne avstanden vert av mindre betydning når utviklinga går i retning av meir digitale offentlege tenester og mindre behov for besøk på rådhuset. Enkelte helsetenester er dessutan fritt val på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Økonomi:

Ei grensejustering vil ha økonomiske konsekvensar for Vanylven kommune i form av lavare frie inntekter. Kor store konsekvensane er, er usikkert. Men eit raskt blick på rekneskapet syner at grensejustering til redusere inntekta til kommunen med om lag 39 millionar kroner. Basert på direkte budsjettkutt (avdelingar som vert flytta over til ny kommune) er der ein reduksjon i direkte utgifter på om lag 25 millionar – i tillegg kjem estimerte kutt på helse og omsorg, personal og lånekostnader på om lag 12 millionar.

Ei grensejustering vil soleis gjere at Vanylven kommune vil måtte kutte oppunder 2 millionar på drifta.

Eit anna spørsmål som vil dukke opp er i kva grad nye Stad kommune t.d. har kapasitet til å ta i mot bebuarar på institusjon eller om dei vil måtte kjøpe plassar til desse på Vanylven helse- og omsorgssenter.

Dersom ein på gjeld pr innbyggjar, som ein indikator på kva handlingsrom Vanylven og Stad kommunar har, så har Vanylven 69 461 kr og Stad 118 920 kr (2018-tal).

Vurdering og konklusjon:

Føremålet med delingslova er at «endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape føremålstenelege einingar som skal gje innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Dersom ein ser på tenestestrukturen til Vanylven og nye Stad kommune, kan det stillast spørsmål med nærleik til t.d. institusjonsplassar for innbyggjarar som pr i dag har 10 -15 min kjøreavstand frå Vanylven helse- og omsorgssenter.

Problematikken rundt høve for vidaregåande skule i nabofylket vart avklara frå og med skuleåret 2019/2020, der elevar har høve til å likeverdig søkje seg til skular i nabofylket.

Samtidig vil færre innbyggjarar i Vanylven kommune særleg utfordre tenestetilbodet. Der kommunen allereie vil måtte effektiviserast for å imøtekomme dei økonomiske føresetnadane i framtida, vil ein slik folketalsnedogng føre til ein ytterlegare reduksjon i rammene. Enkelte funksjonar som t.d. kjerneorganisasjonen med tekniske tenester og støttetjenester skal vere operative anten kommunen har 2 500 eller 25 000 innbyggjarar.

Rådmannen ser det difor ikkje som føremålsteneleg med grensejustering for 6146 Åheim.

Fiskå, 03.04.2019

Terje Kolstad
Konst. rådmann

Ane Malene Søvik Nygård
rådgjevar

Handsaming i formannskapet:

Framlegg frå Ottar Jan Løvoll:

Punkt 2:

Vanylven kommune ber om at Fylkesmannen held ei innbyggjarhøyring/undersøking om grensejustering for Åheim mellom Vanylven og nye Stad kommune.

Votering:

2 røyster for tilrådinga frå administrasjonen.

5 røyster for tilrådinga frå administrasjonen pluss framlegget frå Ottar Jan Løvoll.

VEDTAK:

Formannskapet tilrår:

1. Vanylven kommune ser det ikkje som føremålsteneleg med grensejustering for 6146 Åheim.
2. Vanylven kommune ber om at Fylkesmannen held ei innbyggjarhøyring/undersøking om grensejustering for Åheim mellom Vanylven og nye Stad kommune.

Handsaming i kommunestyret:

Vidar Solheim tok opp spørsmål om gildskap – initiativtakar til grensejusteringa er stesonen hans.

Varaordførar Bjarne Sætrenes tok opp spørsmål om gildskap –har vore aktiv i debatten om denne saka – m.a. på Facebook.

Begge vart kjende gilde.

Framlegg frå Miriam Nystøyl og varaordførar Bjarne Sætrenes

Punkt 2 går ut.


Votering:

14 røyster for tilrådinga frå formannskapet.

7 røyster for framlegget frå Miriam Nystøyl og varaordførar Bjarne Sætrenes.

VEDTAK:

1. Vanylven kommune ser det ikkje som føremålsteneleg med grensejustering for 6146 Åheim.
2. Vanylven kommune ber om at Fylkesmannen held ei innbyggjarhøyring/undersøking om grensejustering for Åheim mellom Vanylven og nye Stad kommune.



| | Reisetid fra Åheim (min.) |
|-----------------------|---------------------------|
| Vanylven Rådhus/Fiskå | 19 |
| Selje kommunehus | 16 |
| Eid kommunehus | 45 |
| Eid vgs. | 45 |
| Herøy vgs. | 29 |
| Måløy vgs. | 31 |
| Åheim skule | 1 |
| Åheim barnehage | 1 |